



Arkivsaknr: 2024/7630-3  
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit  
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

## SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Coop Hordaland SA - Extra Frekhaug

| Utvalssak | Utval             | Møtedato |
|-----------|-------------------|----------|
|           | Utval for levekår |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Coop Hordaland SA – org.nr.982594421 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Extra Frekhaug, Havnevegen 29, 5918 Frekhaug.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Tom Erik Albrechtsen f. 17.04.75  
Avløysar for løyvet: Sunniva Hiis Bergh f. 04.04.94
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Coop Hordaland SA har i søknad datert søkt 25.06.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til Extra Frekhaug Havnevegen 29, 5918 Frekhaug. Coop Hordaland fekk første gang innvilga salsløyve 04.06.24. Tom Eirik Albrechtsen er styrar for salsløyvet og Sunniva Hiis Bergh er avløysar. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 23.00 måndag- laurdag.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkohollova §1- 6). Coop Hordaland SA, Extra Manger søker løyve for ny periode.

Coop Hordaland fekk innvilga salsløyve 04.06.24 og ny søknad er berre sendt til uttale hjå politi grunna endring av styrar og avløysar. Det er ingen merknader til omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkohollova §1- 7 c.

Alkohollova §1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.